

Permitterte lærlingar

For første gang sidan november går talet på permitterte lærlingar tydeleg ned. Første veka i mai er 550 lærlingar og lærekandidatar permitterte som følgje av koronasituasjonen. Det er flest permitterte innanfor restaurant- og matfag.

STATISTIKK | SIST ENDRET: 06.05.2021

Hovudfunn

- 550 lærlingar er permitterte i veke 18, noko som utgjer 1,2 prosent av lærlingane.
- Nær 1 av 5 lærlingar innanfor restaurant- og matfag er permitterte. Særleg kokkfaget er hardt ramma.
- 57 lærlingar og lærekandidatar har blitt sagde opp grunna koronasituasjonen det siste året.



Tal om permitterte lærlingar og lærekandidatar

Utdanningsdirektoratet innhentar for tida jamleg tal på permitterte og oppsagde lærlingar og lærekandidatar frå fylkeskommunane for å få eit oppdatert bilete av konsekvensane koronasituasjonen får for desse.

Første veka i mai 2021 er 550 lærlingar permitterte. Dette er ein nedgang på i overkant av 50 permitterte samanlikna med to veker sidan. Det er første gang sidan november at talet på permitterte tydeleg går ned.




550 lærlingar er permitterte som følge av koronasituasjonen. Det er flest permitterte innanfor restaurant- og matfag.

På landsbasis er 1,2 prosent av lærlingane no permitterte. Til samanlikning var 10 prosent av lærlingane permitterte i slutten av april i fjor. Talet på permitterte lærlingar er høgast i Oslo, som har 254 av permitteringane. Etter Oslo følgjer Viken, med 115 permitterte. Møre- og Romsdal har derimot ingen lærlingar som er permitterte som følge av koronasituasjonen denne veka.

Diagram | Tabell | Last ned

Tal på permitterte lærlingar og lærekandidatar



Kjelde: Utdanningsdirektoratet

I tillegg til dei som er permitterte har i alt har 57 lærlingar og lærekandidatar mista læreplassen sin grunna koronasituasjonen det siste året. Desse kan ha fått seg ny lære plass eller gått opp til fagprøva i mellomtida.


Restaurant- og matfag hardast ramma

Sidan april 2020 har det vore flest permitterte innanfor restaurant- og matfag. 378 av dei no 550 permitterte lærlingane tar restaurant- og matfag. Deretter følger service og samferdsel med 95 permitterte lærlingar. Sjølv om det er mange permitterte lærlingar i restaurant- og matfag, er situasjonen langt betre enn for eitt år sidan. I slutten av april 2020 (veke 18) var over 1 000 lærlingar i restaurant- og matfag permitterte.

Kokkfaget er særleg hardt ramma – over halvparten av alle dei permitterte i veke 18 2021 er lærlingar i kokkfaget. Ein stor del av desse er lærling i Oslo, som melder om 150 permitterte kokkelærlingar.

Diagram | Tabell | Last ned

Tal på permitterte lærlingar og lærekandidatar innanfor restaurant- og matfag



Kjelde: Utdanningsdirektoratet


Totalt er 18 prosent av lærlingane innanfor restaurant- og matfag permitterte. Delen permitterte er nest størst innanfor service og samferdsel og design og handverk, med høvesvis 1,6 og 1,4 prosent. Resten av

utdanningsprogramma har 0,3 prosent eller lågare del permitterte.

Totalt går 90 prosent av dei permitterte lærlingane på restaurant- og matfag, service og samferdsel eller design og handverk.

Diagram | Tabell | Last ned

Prosentdel permitterte lærlingar og lærekandidatar i dei ulike utdanningsprogramma i veke 18 2021



Kjelde: Utdanningsdirektoratet



Om tala

- Statistikken er basert på tal som Utdanningsdirektoratet jamleg hentar inn frå fylkeskommunane. Tala rapporterast tysdag og publiserast torsdag. Neste oppdatering er planlagd til veke 20.
- Tala omfattar både lærlingar og lærekandidatar, sjølv om nemninga lærlingar brukast.
- Frå veke til veke kan nokre lærlingar ha komme tilbake i jobb, mens nye permitteringar kan ha komme til. Figurane viser det totale talet på permitterte ved rapportering.
- Det kan vere fleire som er permitterte eller sagde opp – eller som har komme tilbake til jobb igjen – enn det fylkeskommunane har oversikt over på rapporteringstidspunktet.
- Tala tek ikkje omsyn til i kor stor grad lærlingen er permittert. Om ein lærling er permittert 40 prosent,

kan han eller ho framleis få noko opplæring og vere i arbeid, men blir her talt som permittert.

- Tala har ikkje vore gjennom ordinære kvalitetssikringsrutinar, og dei kan derfor ikkje seest på som nasjonal statistikk. Tala kan likevel gi eit godt bilete av utviklinga, og til dømes vise i kva for bransjar lærlingane er mest utsette.
- Tala kan ikkje direkte samanliknast med statistikk publisert av NAV.
- Ikkje alle fylka har oppdaterte tal for kvar rapportering, og i slike høve blir den siste tilgjengelege rapporteringa brukt. Det kan òg skje at seinare kvalitetssikring fører til endring i tala.
- Utdanningsprogrammet design og handverk inkluderer lærefag frå det tidlegare utdanningsprogrammet medium og kommunikasjon.
- For å kunne berekne delen som er permitterte, blir tal på løpande lærekontraktar samla inn. Tala på løpande kontraktar kan variere frå veke til veke. Derfor kan til dømes delen permitterte gå opp sjølv om talet på permitterte har gått ned.
- Lærlingar i alternative løp i ny tilbudsstruktur er ikkje inkluderte i berekninga av delen permitterte etter utdanningsprogram.